



Magne Grønhaug
Mjåtveitstø 17
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18503 - 20/77280

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
04.12.2020

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 322/109 Mjåtveit

Tiltak: ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 322/109
Tiltakshavar: Magne Grønhaug
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen ønskjer fleire opplysningar kring arealet ein søker frådelt. Det er oppgjeve veg. Men det er berre ein del av arealet som er regulert til annan veggrunn/ grøntareal i reguleringsplan «Detaljregulering for Mjåtveitstø». Resten av arealet ligg i uregulert område sett av til framtidig bustadbygging i kommunedelplan for Meland. Det er krav om reguleringsplan før det kan gjevast løyve til deling. Søknaden krev dermed dispensasjon frå gjeldande plankrav i pkt 1.2.1 til kommunedelplan for Meland. Kommunen ser det vanskeleg å gje løyve til deling til veggrunn når arealet ikkje er regulert og ein ikkje veit korleis pågåande områderegulering vil sjå ut. Kommunen skal mellom anna passa på at det ikkje vert oppretta eigedomar med ulaglege grenser.
2. Om ein finn at det er gode grunnar for å gje løyve til deling av arealet kan det vere eit alternativ å gje løyve til arealoverføring til den delen av gbnr 322/16 som er søkt frådelt. Det er opna for at det kan gjevast løyve til arealoverføring eller frådelling av areal inntil 200m² i punkt 2.1.1.C i føresegnene til kommunedelplanen for Meland.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.01.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Furefjellet Invest AS	Myrtveitvegen 39	5919	FREKHAUG
-----------------------	------------------	------	----------

Mottakarar:

Magne Grønhaug	Mjåtveitstø 17	5918	FREKHAUG
Margunn Hopland	Sagstadvegen 182	5919	FREKHAUG
Svein Egil Grønhaug	V Bjørn Trygve JohannesenSolåsen 9b	5310	HAUGLANDSHELLA